



# Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 12. juni 2018

NVE

## **SESS-KRAFT AS – SØKNAD OM REGULERING AV INTEBOTNVATNET I VESTNES KOMMUNE**

Viser til dykkar ref. 201709239-4

### **Andre fråsegner**

Av praktiske grunnar leverer Naturvernforbundet eiga fråsegn i tillegg til at Forum for natur og friluftsliv som vi også er medlem av også uttalar seg.

### **Bit for bit**

Søklar har ei historie knytt til kraftverket i denne elva som må leggast vekt på. Den mellombelse vegen i prosjektet blei forsøkt gjort permanent etter at resten av utbygginga var gjort. No kjem altså reguleringsspørsmålet som eit tillegg. Hadde desse endra føresetnadene vore med i den opphavlege søknaden, meiner vi summen av ulempene klart ville ha vore større enn fordelane.

### **Dei biologiske undersøkingane**

Vi merker oss at det ikkje er gjort biologiske undersøkingar langs elva frå Instebotnvatnet og ned til noverande inntak. Denne elvestrekninga vil, om tiltaket blir gjennomført, få ei jamnare vassføring enn i dag. Dette gjeld særleg flaumvassføringar som delvis vil bli borte og dessutan vil bli færre. Det vil dessutan vere sjeldnare at det blir minstevassføring. Dynamikken i vassføringa vil difor vere innanfor eit smalare nivå i vassføringa enn i naturleg form. Dette vil ha verknad på naturen langs elvestrekninga som ingen har gjort undersøkingar av. Dette må vere eit vesentleg punkt.

Det skal også seiast at vassdraget har såpass høgdespenn at det ligg snø lenge og ein kan rekne med ei meir langvarig høgare vassføring utover sommaren alt i utgangspunktet. Dette vil ein altså regulere ytterlegare med ei regulering.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal  
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL  
Telefon 918 12 542 – epost [moreogromsdal@naturvernforbundet.no](mailto:moreogromsdal@naturvernforbundet.no) – internett  
[www.naturvernforbundet.no/mr](http://www.naturvernforbundet.no/mr)

Noverande kraftstasjon har fått løyve med føresetnad at vassføringa nedstraums kraftstasjonen ikkje blei endra. Med magasin vil vassføringa frå kraftverket og ned til sjøen også bli endra. Kva dette har å seie manglar utgreiing.

Undersøkingane av moseartane kring Instebotnvatnet er eit viktig moment i denne saka. Det kjem fram at området verkar artsrikt. I tillegg har ein altså funne ein mose som ikkje er kjent frå før. Sjølv om ein kan gjere øvingar som seier at mosen ikkje blir påverka av reguleringa, er ikkje marginane så veldig store, og då kan øvinga ha nokre manglar. Kunnskapen om ein moglegvis ny art og ein generell artsrikdom spesielt når det gjeld mosar i området må legge eit godt grunnlag for at ein bruker ein rommeleg føre var-tilnærming i saka. Når mosefloraen kring vatnet kan vere spesiell, er det dess viktigare at ein også får gjort undersøkingar av mosefloraen langs elva ned til inntaket.

### **Område utan tunge inngrep**

Området ligg slik til at ein ikkje har kontakt t.d. i form av lyd mellom Instebotnvatnet og bygda. Dette gir området ein ganske sjeldan kvalitet i friluftslivssamanheng.

### **Reguleringszone samanlikna med auka produksjon**

Viss tiltaket blir gjennomført vil det bli ei reguleringszone på 2 meter. Slikt vil syne. Særleg i eit område utan mykje vegetasjon. Når inngrepet i tillegg skjer der det i liten grad er inngrep frå før, blir slikt lagt merke til av brukarane, og det verkar inn på brukaropplevingane i området. Ei mogleg produksjonsauke på 1,85 GWh er ikkje så veldig mykje, og inngrepet ser stort ut samanlikna med produksjonsauka. Folk flest vil ikkje ha forståing for eit inngrep på det grunnlaget.

### **Interesse for saka**

Alt ved søknaden for kraftverket som blei bygd merka Naturvernforbundet ei betydeleg interesse for saka i form av spørsmål til oss om engasjement i saka. Dette har ikkje blitt mindre no. Dei har vore samstemte om at inngrepet som blei gjort gjorde vondt, og no vil utbyggjar øydelegge noko vesentleg i det som er igjen. Det er tale om forarging. Det er ikkje så ofte at bygdefolk seier så mykje om slikt.

### **Konklusjon**

Det manglar undersøking av biologisk mangfald frå Instebotnvatnet til noverande inntak. Vurderinga av ny vassføring frå kraftstasjonen og ned til sjøen manglar. Mosefloraen ser ut til å vere ganske rik og litt spesiell, noko som gjer at ein bør vere varsam med å regulere vatnet. Instebotnvatnet representerer for friluftslivet spesielle kvalitetar som vi ikkje har så mykje igjen av. Produksjonsauka er lita, samanlikna med dei ulempene som skuldast tiltaket. Det bør ikkje gjevast løyve til regulering av Instebotnvatnet.

Med vennleg helsing

Øystein Folden  
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal